

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep, 0032 Oslo

Dato: 22.09.25

Sunnmøre regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Fjord, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Volda, Vestnes, Ørsta og Ålesund. Selskapet skal bidra til at kommunane på Sunnmøre jobbar saman for å styrke regionen sin attraktivitet og konkurransekraft.

Selskapet skal på vegne av deltakarkommunane vere ein aktiv pådrivar for å fremje regionen sine interesser overfor regionale, nasjonale og internasjonale mynde, og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv og offentlege styringsorgan. Sunnmøre regionråd skal vektlegge partnerskap mellom kommunar og næringsliv.

UTTALE FRÅ SUNNMØRE REGIONRÅD OM STAD SKIPSTUNNEL

Stad skipstunnel er eit prioritert prosjekt for Sunnmøre regionråd, jf. tidlegare uttale til Møre og Romsdal fylkeskommune om Nasjonal transportplan (NTP) 2025-2036.

Sunnmøre regionråd ser det som svært viktig at det kjem midlar i statsbudsjettet for 2026 til å halde fram arbeidet med prosjektet.

Stad skipstunnel er ferdig planlagt og har gjennomgått omfattande førebuingar lokalt og regionalt. Det er avgjerande at staten fullfører prosessen og ferdigforhandlar prosjektet, samt at Stortinget behandlar saka og følgjer opp sine tidlegare lovnader.

Stad skipstunnel kjem som eit tillegg til annan infrastrukturutvikling i Vestland og i resten av Noreg, og står ikkje i motsetnad til andre viktige prosjekt i fylket eller i andre regionar. Ein balansert og berekraftig transportpolitikk må også løfte sjøvegen. Stad skipstunnel er eit grep som knytter kyst-Noreg tettare saman, avlastar vegane og styrker vår maritime infrastruktur. Det handlar om heilskap.

Kostnadsauken i prosjektet må sjåast i samanheng med den generelle prisveksten i anleggssektoren dei siste åra. Store infrastrukturprosjekt må fordelast jamnare geografisk dersom vi skal sikre tryggleik, verdiskaping og busetnad langs heile kysten. Stad skipstunnel er eit slikt prosjekt.

Vi oppmoder Regjeringa og Stortinget om å sikre at Stad skipstunnel vert fullfinansiert, at forhandlingane vert ferdigstilt, og at saka vert behandla politisk slik at tidlegare vedtak og lovnader vert følgde opp. Stad skipstunnel er eit nasjonalt løft for tryggleik, klima og verdiskaping – og må realiserast no.

Med helsing

Kenneth Langvatn, styreleiar